

Årsmelding for Norsjø Seniorgolf for året 2016.

Arbeidsgruppa i Seniorgolven har i året 2016 bestått av:

Dagfinn Fagermo, Vidar Standeren, Knut Moe og leiar Halvor Nordskog.

Me har hatt 2 medlemsmøte, begge ved og i klubbhuset. Det fyrste for å justere reglar vedrørande premiering sammanlagt etter ein auka deltakelse. Så var det "årsmøte" i forbindelse med årsavslutninga i seniorgruppa der reglar for sesongen 2017 blei vedteke.

Golfsesongen 2016 har vore veldig bra for seniorgruppa. Det har vore ei glede, kvar tysdag, å ta i mot eit kvart hundre blide seniorgolferar, til ein 9 håls runde på ei nærmast perfekt grasmatte, på ein av landets flottaste golfbanar i strålande sommar-golf-vær.

Totalt var det 48 (26) ulike seniorgolferar innom oss på tysdagane. 27 (17) deltakerar var det meste på ein dag. Tala i () er for 2015. Altså ein fin deltakar-auke. Me trur på ein liten auke neste år og, men at me no er nær det me kan forvente dei nærmaste åra.

Me har satsa på eit sosialt samvære med premieutdeling som ein avslutning på vår tysdagsgolf. Totalt har det blitt delt ut 500 golfballar i tysdagspremiar, fordelt på 1/3 parten av dagens deltakerar. To av premiane vart trekt ut .Me trur dette har vore ein avgjerande grunn til den gode auken i deltakelsen.

27. september var det årsavslutning med lapskaus og is, samt premieutdeling. Eva Henriksen vart årets seniormester, mens Anne-Kristine Rukan og Knut Moe bekleddede dei neste plassane på seierspallen.

Totalt vart det delt ut 15 sammenlagt-premiar, 8 av desse etter loddtrekning blandt alle som har deltatt på årets seniorgolf.

Saman med herre og dame-golven har me vedtatt å gå til innkjøp av ein hjerte-startar til ein pris av kr. 12.000 og som er anbefala av fagfolk.

Hans Storli søker If forsikring om økonomisk bidrag til innkjøpet.

Seniorgruppa har og gjeve kr. 2.500 til klubben som = årets overskåt.

Det blei vedtatt på vårt årsmøte å gje kr. 10 pr. spelar kvar tysdag til klubben i 2017. Dette vil redusere «potten» til samlagt-premieringa da me vil behalde den same dagspremieringa som me hadde i år. Dette blei og samrøystes vedteke på vårt årsmøte.

Me har hatt ein fin sesong, beholder den gode kontakten me har hatt i år med værgudane og sier TAKK FOR I ÅR.

Norsjø Golfs Seniorgruppe

v/Halvor Nordskog